

ÅRSPLAN DEL 1

ÅRDAL KOMMUNALE BARNEHAGAR

Einehaugen barnehage


Farnes barnehage

Haugane barnehage

Uravegen barnehage

Ve barnehage

Årdalstangen barnehage



2020

Visjon:

- ✓ Trygge barn – ein føresetnad for vekst og utvikling
- ✓ Levande fellesskap med plass til alle
- ✓ Barn som blir sett og lytta til
- ✓ Gode opplevingar, glade barn i leik og læring

Innhald

1.0 OVERORDNA MÅL OG RAMMER	3
1.1 Lov om barnehagar	3
1.2 Samfunnsmandat:.....	3
1.3 Årsplan	4
2.0 STYRING OG SAMARBEIDSFORMER	4
2.1 Foreldreråd og samarbeidsutval.....	4
2.2 Foreldremøte	4
2.3 Dagleg kontakt med foreldra.....	4
2.4 "Foreldrekaffi.....	5
2.5 Foreldresamtalar	5
2.6 Brukarundersøkingar	5
2.7 Forventningar til føresette	5
3.0 BARNEHAGANE SINE ARBEIDSMÅTAR OG INNHALD	6
3.1 Livsmeistring	6
3.1.1 Dei 7 fagområda	7
3.1.2 Omsorg.....	7
3.1.3 Leik og læring	8
3.2 Medverknad.....	9
3.3 IKT/digitale verktøy.....	9
4.0 PEDAGOGISK PLATTFORM FOR BARNEHAGANE I ÅRDAL KOMMUNE	10
5.0 OVERGANGAR I BARNEHAGEN.....	10
6. 0 DOKUMENTASJON OG VURDERING	11
6.1 Dokumentasjon.....	11
6.2 Vurdering	12
7.0 SAMARBEIDSPARTAR	12
7.1 Tverrfagleg samarbeid i kommunen.....	12
7.2 Samarbeid med utdanningsinstitusjonar	13
8.0 HMT-RUTINAR	13
9.0 MÅLTID I BARNEHAGEN	15

1.0 OVERORDNA MÅL OG RAMMER

1.1 Lov om barnehagar

[Lov om barnehager](#) fastsett overordna føresegner om formålet til og innhaldet i barnehagen

”Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier om kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.”

(Barnehageloven § 1 Formål)

1.2 Samfunnsmandat:

Barnehagen skal:

- alle barnehagar skal byggje på verdigrunnlaget som er fastsatt i barnehagelova og FN sin barnekonvensjon
- tilby barn under opplæringspliktig alder eit omsorgs- og læringsmiljø til beste for barna
- både vere ei pedagogisk verksemd og eit velferdstilbod for småbarnsforeldre,
- støtte og ta omsyn til kvart enkelt barn, samtidig som han skal ta omsyn til fellesskapen
- sikre barn under opplæringspliktig alder eit oppvekstmiljø som både gir utfordringar som er tilpassa alderen og funksjonsnivået til barnet, og som vernar barnet mot fysiske og psykiske skadeverknader
- styrkje høvet til læring og aktiv deltaking i ein fellesskap med jamaldringar,
- ha dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetane som er i samsvar med eksisterande kunnskap og innsikt om barndom og behova til barn
- ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale skilnader
- førebyggje diskriminering og mobbing på eit tidleg stadium
- reflektere det kulturelle mangfaldet i barnehagen
- støtte barna ut ifrå dei kulturelle og individuelle føresetnadene deira
- Gi omsorg og oppseding, leik, kvardagsaktivitetar og læring i samanheng er et særtrekk ved norsk barnehagetradisjon

1.3 Årsplan

Alle barnehagar skal ha ein årsplan. Samarbeidsutvalet i barnehagen fastsett årsplanen. [Rammeplan for barnehager](#) gir retningslinjer for innhaldet i planen.

Årsplanen sin funksjon:

- ✓ Arbeidsreiskap for barnehagen sitt personale for å styre verksemda i ei bevisst, uttalt retning og sikre samanheng og progresjon i arbeidet med barna
- ✓ Planen skal gje ei oversikt over aktivitetar og den pedagogiske verksemda
- ✓ Planen skal den vere eit bindeledd i forholdet mellom barnehagen og foreldra
- ✓ Planen skal vera eit utgangspunkt for foreldra til å kunne påverke innhaldet i barnehagen
- ✓ Planen er grunnlag for det kommunale tilsynet med barnehagen
- ✓ Planen skal gje informasjon om det pedagogiske arbeidet i barnehagen til eigar, politikarar, kommune, samarbeidspartar og andre interesserte

Dette dokumentet, "Årsplan del 1", er eit felles dokument for barnehagane i Årdal. I tillegg utarbeider kvar barnehage sin eigen del 2 av årsplan som seier noko om innhaldet og tema gjeldande år.

2.0 STYRING OG SAMARBEIDSFORMER

Me vil gjerne ha konstruktiv kritikk på det arbeidet me gjer, og de som foreldre har både ei rett og ei plikt til å engasjera dykk i forhold til borna dykkar og medverke i det arbeidet som skjer i barnehagen. I barnehagen har me ulike fora der ein kan møtast:

2.1 Foreldreråd og samarbeidsutval

Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval for å sikre samarbeid og medverknad med barna sin heim. Samarbeidsutvalet skal være eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet består av føresette og tilsette i barnehagen.

2.2 Foreldremøte

Det er vanleg med 1 foreldremøte om hausten og eit om våren etter ynskje frå foreldra. Her kan vi ta opp ulike spørsmål vedrørande barnehageverksemda, felles problemstillingar i forhold til barna og andre emne etter ynskje. Kvar haust presentera me rutinar for trafikktryggleik og trafikkopplæring.

2.3 Dagleg kontakt med foreldra

Barnehagane ynskjer eit nært samarbeid med barna sin heim. Me vil orientere om barnehagen sitt innhald gjennom års- og vekeplan, ved diverse oppslag på tavlene og brev

sendt med heim. Barnehagane brukar òg mail og facebook som arena for informasjon. Me ynskjer ei aktiv foreldregruppe som kan kome med forslag til aktivitetar og konstruktiv kritikk på det vi gjer.

2.4 "Foreldrekaffi" vil verte arrangert med jamne mellomrom, men foreldra er alltid velkomne til å vere tilstades i barnehagen.

2.5 Foreldresamtalar

Alle foreldra får invitasjon til foreldresamtale om deira barn inntil to gonger kvart år. Ynskjer foreldra samtale utover dette, kan dei ta kontakt med avdelingsleiarane. Som eit ledd i BTI-arbeidet i Årdal kommune får alle nye foreldre tilbod om ei sosio-emosjonell kartlegging ASQ-SE.

2.6 Brukarundersøkingar

Barnehagane i Årdal gjennomfører brukarundersøkingar jamnleg. Undersøkingane er administrert gjennom Bedre kommune og sikrar full anonymitet. Dette gjev barnehagane gode tilbakemeldingar og kan hjelpe oss i arbeidet med kvalitet og utvikling.

www.bedrekommune.no

2.7 Forventningar til føresette

- ✓ At klede, sko o.l. er merka med namn
- ✓ At borna har eit ekstra skift med klede liggande i barnehagen
- ✓ At skitne regndressar og andre dressar vert tekne med heim ein gong i veka
- ✓ At de held orden og ryddar garderobeplassen til barnet dykkar
- ✓ At barnet dykkar har med seg gode utesko og dressar
- ✓ At de seier i frå om sjukdom og fridagar
- ✓ At de held dykk orientert om kva som skjer i barnehagen, ved å lesa på oppslagstavla og vekeplanar
- ✓ At de seier i frå når de leverer og hentar barnet, dersom det ikkje er ein vaksen der akkurat da. Alltid lukkar porten!
- ✓ At de saman med personale ivareteke trafikktryggleiken til barna – er gode rollemodellar for borna dykkar
- ✓ At me får beskjed dersom det har hendt noko spesielt heime som er viktig for barnet dykkar
- ✓ At de respektera barnehagen si opningstid og at de held den opphaldstida de har valt
- ✓ At ferien vert avvikla i samsvar med vedteker for Årdal kommunale barnehagar.

3.0 BARNEHAGANE SINE ARBEIDSMÅTAR OG INNHALD


3.1 Livsmeistring

Barnehagen som pedagogisk verksemd er tufta på eit heilskapleg læringsssyn der ein ser omsorg, danning, leik, kvardagsaktivitetar og læring i nær samanheng. Alle barn skal oppleva tilhøyrse og det å vera inkludert i eit fellesskap i barnehagen. Det å høyra til er eit grunnleggjande behov for trivsel og psykisk helse.

Me ynskjer at barna skal samhandle godt med andre, tilpasse seg fellesskapet og vera synlege deltakarar som hevdar sin plass. Barnehagane i Årdal er deltakarar i staten sitt program for inkluderande barnehage- og skulemiljø, samt eit regionalt samarbeid om psykisk helse.

[Handlingsplan-for-mobbing](#)

[plan-for-arbeidet-for-god-psykisk-helse-hjaa-barn-og-unge](#)




3.1.1 Dei 7 fagområda

Fagområde legg føringar for det fagleg innhaldet i barnehagen og de vil finne dei att i kvardags situasjonar, i periodebestemte og gjennomgåande emneplanar i årsplanen. Fagområda dekkjer vide læringsfelt og opptrer sjeldan isolert. Måla for fagområda rettar seg mot opplevingar og læring og arbeidet må tilpassast alder, interesse, gruppesamansetjing og andre føresetnader. Årdal kommunale barnehagar har utarbeidd progresjonsplanar for fagområda for å sikra at barna får varierte erfaringar i løpet av barnehagetida.

3.1.2 Omsorg

Omsorg skal prega alle situasjonane i kvardagslivet og koma til uttrykk når barn leikar og lærer, i stell, måltid og påkleding. Omsorg har verdi i seg sjølv og er ein viktig føresetnad for utvikling og læring. Gjennom omsorg blir verdiar, normer, tankar, uttrykksformer og handlingsmåtar overførte. Støtte og rettleiing skal skje i tråd med verdigrunnlaget til barnehagen og leggje grunnlaget for aktiv deltaking i eit demokratisk samfunn.


Tryggleik er ein føresetnad for vekst og utvikling. Barnehagane i Årdal jobbar med tilknytning og gode relasjonar. Eit verktøy i dette arbeidet er tryggleikssirkelen/COS.



3.1.3 Leik og læring

Barnehagen er ein viktig arena for sosial utvikling, læring og etablering av vennskap. Sosial kompetanse handlar om å kunne samhandle positivt med andre i ulike situasjonar og vert utvikla kontinuerleg gjennom handlingar og opplevingar i alle situasjonar i løpet av dagen.

Leiken er ein sentral del av den sosiale utviklinga. Den har ein eigenverdi og er ei viktig side ved barnekulturen. I leik og dagleg samspel skjer det læring på ulike nivå:



Barnehagane skal leggje til rette for variert leik, både organisatorisk og fysisk. Personalet må vere støttande og oppmuntrande i leiken og vera bevisste på at nokre barn treng ein vaksen som deltek aktivt i leiken.

Småbarnsalderen er den grunnleggjande perioden for språkutvikling. Barnehagen må sørge for at barna får varierte og positive erfaringar med å bruke språket. Felles opplevingar og aktivitetar gjev eit unikt høve til kommunikasjon mellom barn.

Barnehagane i Årdal kommune har nynorsk som språkform, men skal ivareta det språklege mangfaldet gjennom dei ulike kulturane som er representert i barnehagane.

Både lokale og nasjonale kulturverdiar, slik dei speglar seg i oppvekstmiljøet til barna, må vera representert i barnehagen. Gjennom året er det mange tradisjonar og merkedagar som styrer våre aktivitetar i barnehagen. Dette er ein del av barnehagekulturen. Me skal formidle verdiar, haldningar og kultur og bidra til at barn får oppleve glede og meistring i eit sosialt og kulturelt fellesskap.

3.2 Medverknad

Barnekonvensjonen er styrande for verdigrunnlaget til barnehagane. Me syner til artikkel nr 3 Barnets beste og artikkel nr 12 Å seia meininga si:

«Handlingar som vedgår barn som vert sett i verk av styresmakter og organisasjonar, skal først og fremst ta omsyn til kva som gagnar barnet best. Staten skal sørge for at dei institusjonar og tenester som har ansvaret for omsorga eller vernet av barn, har den standard som er fastsett, særskilt med omsyn til tryggleik, helse, talet på tilsette og deira kvalifikasjonar så vel som kompetent tilsyn».

«Barnet har rett til å seie meininga si i alt som kjem det ved, og barnet sine meiningar skal det leggjast vekt på».

Barndomen er ein livsfase med eigenverdi og barna har rett til å seia kva dei meiner om alt som gjeld dei sjølv. Høve til medverknad skal sjåast i samanheng med alder og funksjonsnivå. Personalet må vera lyttande, observere og tolke barna sine verbale og nonverbale uttrykk.

3.3 IKT/digitale verktøy

"Barn skal få oppleve at digitale verktøy kan være kjelde til leik, kommunikasjon og innhenting av kunnskap:" (RP). Barnehagane i Årdal nyttar digitale verktøy ml a til språkstimulering, pedagogisk dokumentasjon og kunnskapsformidling. Digitale verktøy vert nytta jamfør gjeldande lovverk.

Alle føresette skriv under samtykkeerklæring i høve fotografering. Jmf Personopplysningsloven og Åndsverksloven § 45 c, deler ikkje barnehagen ut fotografi i originalt filformat og føresette som fotograferer i barnehagen må vise varsemnd med omsyn til publisering på nett.

4.0 PEDAGOGISK PLATTFORM FOR BARNEHAGANE I ÅRDAL KOMMUNE

Barnehagane i Årdal vil møte alle barn og foreldre med respekt og ta barn sine behov og tankar på alvor. Me skal støtte barna si utvikling ut frå deira eigne føresetnader. Me skal gje eit individuelt tilpassa og likeverdig tilbod, og skape meningsfull oppvekst utan omsyn til funksjonsnivå, sosial, kulturell eller etnisk bakgrunn.

Barnehagen står for eit heilskapleg læringssyn, der ein ser omsorg og danning, lek, kvardagsaktivitetar og læring i samanheng. Me legg vekt på Årdal si lokale historie og kultur, og bruker nærmiljø og natur aktivt for å gje ungane varierte opplevingar og erfaringar. Dei tilsette i barnehagane ynskjer, i nært samarbeid med dei føresette, å vere med på å skape trygge og glade barn, som er godt rusta for å gå vidare i livet.

Barnehagane i Årdal skal vere prega av:

- ✓ Tryggleik
- ✓ Glede
- ✓ Empati
- ✓ Utvikling
- ✓ Utforsking
- ✓ Barneperspektiv

Visjon:

- ✓ Trygge barn – ein føresetnad for vekst og utvikling.
- ✓ Levande fellesskap med plass til alle
- ✓ Barn som blir sett og lytta til.
- ✓ Gode opplevingar, glade barn i lek og læring

5.0 OVERGANGAR I BARNEHAGEN

Alle barn møter ulike overgangssituasjonar i løpet av barndomen. Barnehagane har eit særskilt ansvar for at barn opplever gode overgangar .

Overgang heim-barnehage

- Velkomstbrev heim
- Foreldremøte/samtale
- Invitasjon til å besøksdagar i god tid før oppstart
- Oppstartssamtale med tilbod om sosio-emosjonell kartlegging ASQ-SE

Overgang innad i barnehagen

- Besøk/tilvenning på ny avdeling
- Foreldresamtale – info om overgang
- Overføringssamtale mellom pedagogisk leiarar

Overgang barnehage/skule/sfo

Barnehagen er ein del av eit livslangt læringsløp frå barnehage til vidaregåande. Barnehagane har eit særskilt ansvar i samarbeid med heim og skule, og syte for at barna får ein god skulestart.

Kunnskapsdepartementet har utarbeidd ein rettleiar, *Frå eldst til yngst*, som peikar på viktige sider ved dette samarbeidet. Desse punkta er retningsgjevande i kommunen.

- ✓ Barnehagetida vert avsluttast på ein planlagd måte. Skulen og SFO førebur seg på å ta imot barnet
- ✓ Barna får høve til å verta kjent med skulen i god tid før første skuledag
- ✓ Førsette godkjenner informasjonsoverføring frå barnehage til skule og har moglegheit for aktiv medverknad

[fra-eldst-til-yngst](#)

Barnehagane i Årdal har detaljerte planar og rutinar for overgangen barnehage-skule. Denne informasjonen vert gjort kjent til foreldre som har barn som går siste året i barnehagen.

[Link til årshjul + plan for 5-åringar](#)

6. 0 DOKUMENTASJON OG VURDERING

6.1 Dokumentasjon

Dokumentasjon handlar om å synleggjera innhaldet i barnehagen ovanfor foreldre, lokalmiljøet og kommunen som tilsynsmynde. Den skal gje informasjon om kva barn opplever, lærer og held på med i barnehagen. Dokumentasjonen kan innehalde bilete frå kvardagslivet, skildring av ulike prosjekt eller tema, tekstskaping, bilete eller forteljingar som barna har laga. Eit etisk perspektiv må leggest til grunn når ein dokumenterer barn sine opplevingar og erfaringar.

Dokumentasjonen skal brukast til refleksjon, vurdering og til å planlegge og utvikle det pedagogiske arbeidet.

Formell dokumentasjon i barnehagane:

- ✓ Emnplanar med vurdering
- ✓ Årsplanar del 1 og 2
- ✓ Foreldresamtalar ein- to gongar i året. Kort, skriftleg referat
- ✓ Planar og halvårsrapportar for barn med særskilde behov
- ✓ Individuelle planar knytta til aktivtetsplikt
- ✓ Stafettlogg (BTI)
- ✓ Plan for Årdal kommunale barnehagar

6.2 Vurdering

Vurderinga blir gjort ut i frå innhald og aktivitetar i årsplan og andre gjeldande dokument.

Dette vert vurdert kontinuerleg:

- ✓ Barnegruppa og einskildbarn
- ✓ Vaksenrolla og personalsamarbeid
- ✓ Leik, læring og trivsel
- ✓ Foreldresamarbeidet
- ✓ Det pedagogiske innhaldet og arbeidsmåtar

Verktøy i vurderingsarbeidet:

- ✓ Interne evalueringsskjema
- ✓ Diverse kartleggingar (TRAS, Alle med ...)
- ✓ UDIR (ReFlex, ståstadanalysen.....)
- ✓ Brukarundersøkingar
- ✓ Møter og tett dialog med foreldre og samarbeidsutval

7.0 SAMARBEIDSPARTAR

7.1 Tverrfagleg samarbeid i kommunen

Personalet i barnehagane er avhengige av eit nært og strukturert samarbeid, seg imellom, med barna og foreldra, for å skape gode miljø og oppvekstvilkår. Barna og foreldra skal få eit best mogleg heilskapleg tilbod i Årdal kommune, og det er difor viktig at tverrfagleg tenking står sentralt.

Barnehagane samarbeidar med følgjande kommunale tenester:

- ✓ helseteneste
- ✓ fysioterapiteneste
- ✓ skule (sjå punkt 3.3)
- ✓ PPT
- ✓ NAV
- ✓ barnevernteneste
- ✓ psykisk helsevern
- ✓ bu- og miljøtenesta

To gonger i året har barnehagen tverrfaglege møte med helsestasjon, barnevern, NAV, psykisk helsevern og PPT. I tillegg har barnehagen og PPT møte to gonger i året eller ved behov. BTI (betre tverrfagleg innsats) er ein modell for samarbeid som Årdal kommune brukar i møte med bekymringar/merksemder knytt til barn og unge. BTI er ein modell som skal hjelpa oss med å gje eit meir samordna og koordinert tenestetilbod for barn og unge.

[bti](#)

7.2 Samarbeid med utdanningsinstitusjonar

Barnehagane har òg samarbeid med høgskulen, vidaregåande skule, elevar frå barne- og ungdomsskulane i bygda, lag og organisasjonar.

Barnehagane i Årdal er praksisbarnehagar, det vil seie at ein tek i mot studentar frå **høgskulen Vestlandet**. Det inneber at ein har studentar i ulike periodar i løpet av året. Høgskulen tilbyr vidareutdanning og kurs til dei tilsette.

Lærlingane i barne- og undomsarbeidarfaget har læretida si i barnehage, skule og ungdomskubben. Barnehagen rullerer på kven som tek i mot lærlingar.

8.0 HMT-RUTINAR

Årdal kommunale barnehagar har rutinar for helse, miljø og tryggleik. Rutinane er nedfelt i eigen HMT-perm og beredskapsplan. Under finn de ein eit kort utdrag frå rutinar som vedrører barna sin kvardag.

Helse/sjukdom

- Smittefare er stor i ein barnehage og barn skal haldast heime dersom dei er sjuke. Hugs 48 timar etter diare og oppkast
- Allmenntilstanden til barnet avgjer om ein kan gå i barnehagen eller ikkje
- Barnet bør vera friskt nok til å delta i normal aktivitet i barnehagen
- Kor lenge barna skal vera vekke frå barnehagen ved smittsame sjukdomar, varierer. Me nyttar opplysningar frå folkehelseinstituttet som utgangspunkt, samt skriv frå helsesøster og smittevernlege for kommunen
- Pandemi – barnehagane følger nasjonale retningslinjer

Skade/uhell

- Vurder skadeomfang – ved behov ring legevakt/akutthjelp
- Kontakt føresette
- Føresette skal vera med til lege/tannlege. Er det akutt reiser personalet og ber føresette møte ved lege-/tannlegekontor.
- Fyll ut skademeldingsskjema, ta kopi og gje til foreldre, originalen oppbevarast i mappene til barna.

[Link om kommunen sine forsikringsselskap](#)

Medisinering

- Tilsette kan gjennomføre medisinering etter instruks/opplæring
- Føresette har alltid ansvaret for medisinering/opplæring/ajourført legemiddelkort
- Barnehagen har ansvar for å oppbevare og levere ut medisin på ein trygg og rett måte

Turar/utflukter

- Meld i frå kor du går
- Ta med førstehjelpsutstyr, telefon og namneliste på barn. Hugs refleksvest.
- Ein vaksen skal alltid gå før og ein bak barna
- Ha skriftleg løyve frå foreldre ved bruk av privatbil/ buss/ taxi osv.
- Bading krev skriftleg løyve frå føresette og skal alltid gjennomførast med kontinuerlig tilsyn av naudsynt tal vaksne som kan livberging
- Barna er forsikra ved turar og utflukter

Trafikktryggleik

- Trafikkopplæring er ein integret del av omsorgs –og opplæringsarbeidet i barnehagen.
- Årdal kommune ynskjer å vera ein trafikksikker kommune, og barnehagane vil sikre gode rutinar og planar for å ivareta barna sin trafikktryggleik.
- Trafikkopplæringa skal utvikle barna sine haldningar og ferdigheitar til å bli ansvarsfulle og trygge trafikantar.

Barn som går åleine/saman med mindreårige søsken

- Det er føresette sitt ansvar at barn vert trygt levert og henta i barnehagen. Det er eit ynskje at det er føresett som i hovudsak hentar og bringer barna i barnehagen.
- Barnehagen må ha ein avtale med føresette når barnet går åleine/saman med mindreårige søsken.

Inkluderande barnehagemiljø

- Barnehagane i Årdal kommune har ein felles plan for inkludering (sjå kap 3.1)
- Planen definerer kva som er mobbing, korleis ein kan sjå det, førebyggjande tiltak og ei aktivitetsplikt

Når barnet vert for seint henta

- Barnehagen skal ivareta barn som ikkje vert henta og forsøke å nå føresette eller andre kontaktpersonar.
- Dersom ein ikkje når føresette/andre kontaktpersonar innan ein time skal barnevernet kontaktast
- For sein henting medfører bot

”Klage” frå foreldre

- Definisjon: Negative synspunkt frå foreldra - munnleg eller skriftleg- i forhold til hendingar, system eller personar i barnehagen
- Foreldra har sin fulle rett til å seia i frå når dei er misnøgde med forhold i barnehagen
- Personalet skal ta alle former for klager på alvor og prøve å finne løysingar.
- Kvar einskild av personalet som mottek ein klage eller negativ ytring om forhold knytt til barnehagen, har ansvar for å følgje dette.

9.0 MÅLTID I BARNEHAGEN

Jamfør barnehagelova og rammeplanen skal barnehagen bidra til at barna tileignar seg gode vanar, haldningar og kunnskap når det gjeld kosthald, hygiene, aktivitet og kvile.

Barnehagane i Årdal kommune tilbyr måltid i form av frukost, lunsj og frukt. Dette tilbudet kostar: kr 100,- frukost, kr 100,- lunsj og kr 50,- frukt pr mnd for heil plass. Prisen er regulert i høve storleik på barnehageplass.

Barnehagane følgjer Sosial- og helsedepartementet sine retningsliner for mat og måltid i barnehagen.

[trygg mat i barnehager](#)

**TRIVSEL, TRYGGLEIK OG TILLIT
FELLESKAP, GLEDE OG OMSORG**

**Dette ynskjer me at barna har med i "sekken"
når dei er ferdige i barnehagen:**

**Me ynskjer at barnehagen kan
vere ein stad:**

- ✓ der personalet tek utgangspunkt i barna sine positive sider og bygger vidare på dei
- ✓ der personalet har tid til å ta barn på alvor
- ✓ der barna møter omsorg, respekt og forståing for eigne og andre sine behov
- ✓ der glede, humor og latter er ein naturleg del av kvardagen
- ✓ der barna får mykje oppmuntring og ros,
- ✓ der me kan skape eit miljø basert på tryggleik og tillit
- ✓ der barna får tydelege grenser

- ✓ KREATIVITET OG EVNE TIL Å UTFORSKE OG UNDRER SEG
- ✓ EVNE TIL Å TA SPRÅKLEG KONTAKT MED ANDRE OG KUNNA GJERA SEG FORSTÅTT
- ✓ HUMOR OG GLEDE I KVAR DAGEN
- ✓ GODE OPPLEVINGAR

- ✓ **Sjølvkjensle** – positiv haldning til seg sjølv
- ✓ **Empati** – evna til å ta omsyn, tolke og forstå kjensler
- ✓ **Pro sosial åtferd** – å kunne utføre handlingar som å rose, oppmuntre, dele med andre, bry seg om, syne omsorg..
- ✓ **Sjølvhending** – hevde seg sjølv og sine meiningar på ein god måte, ta initiativ og invitere til leik, stå i mot press..
- ✓ **Sjølvkontroll** – å regulera kjenslene sine, tilpasse seg, utsetje eigen behov, kompromissar...